



Fjord kommune
Olavsgata 10
6210 VALLDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon

Andreas Sandnes Granli, 71 25 84 27

Vedtak om forlenging av tidsrom og avgrensing av geografisk virkeområde for løyve til felling av jerv som gjer skade på sau i Fjord kommune

Fylkesmannen viser til e-post frå Fjord kommune 25. august 2020 der det blei søkt om forlenga fellingsløyve på skadegjerande jerv.

Med heimel i naturmangfaldlova § 18 første ledd bokstav b) og § 77, jf. forskrift om forvaltning av rowilt § 9, jf. §§ 1 og 13, gir Fylkesmannen i Møre og Romsdal Fjord kommune løyve til felling av ein jerv i tidsrommet frå og med 26.08.2020 fram til 31.08.2020 kl. 12.00.

Fellingsløyvet gjeld innanfor Fjord kommune, avgrensa til område definert i kartutsnitt i dette vedtaksbrevet. Det er gitt vilkår om at fellingsforsøk skal konsentrerast til nærrområde til der jerven har tatt sau. Fylkesmannen har lagt særleg vekt på talet på beitedyr i området og at vekstsesongen er påverka av sein vår. Det er ein pågåande skadesituasjon og jerven er observert fleire gonger ved tidlegare fellingsforsøk. Skadane vert og sett i samanheng med skadane i tilgrensande beiteområde i Rauma kommune. Fellingsløyvet er gitt for å hindre vidare skade på sau.

Nærare vilkår følgjer av dette brevet. Fjord kommune har ansvaret for fellingsforsøket.

Bakgrunn

Søknaden om forlenging av tidsrom for fellingsløyve har bakgrunn i at jerven er observert fleire gonger under fellingsforsøket, samt at nye tap er dokumentert etter at løyve vart gitt. 23.08.2020 observerte skadefellingslaget jerven på ny i område der eit ferskt kadaver vart oppdaga.



Med sein sommar og tilhøyrande sein slått er det utfordringar knytt til forgrunnlaget nede i bygdene. Det er framleis dårleg beitegrunnlag på innmark for ev. tidlegsanka sau. Felling av den skadegjerande jerven er difor det mest realistiske tiltaket for å avgrense skadane. Ytterlegare bakgrunn for forlenga løyve for skadefelling kjem fram av tidlegare vedtaksbrev i saka.

Juridisk grunnlag for avgjerda

Det rettslege grunnlaget for avgjerda er Lov av 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold § 18 andre ledd bokstav b) og § 77, jf. forskrift 18. mars 2005 nr. 242 om forvaltning av rowilt (rovviltforskrifta) § 13, jfr. §§ 1 og 13.

Naturmangfoldloven § 18 (annet uttak av vilt og lakse- og innlandsfisk etter vurdering av myndighetene):

Kongen kan ved forskrift eller enkeltvedtak tillate uttak av vilt og lakse- og innlandsfisk (...)

b) for å avverge skade på avling, husdyr, tamrein, skog, fisk, vann eller annen eiendom, (...)

Vedtak etter første ledd bokstav a til f kan bare treffes hvis uttaket ikke truer bestandens overlevelse og formålet ikke kan nås på annen tilfredsstillende måte. (...)

Rovviltforskrifta § 9 (Fylkesmannen sin myndighet til å iverksette betinget skadefelling):

Ved vurderingen av om det skal gis tillatelse til skadefelling skal det legges vekt på føringene i regional forvaltningsplan, jf. forskriften § 6. Felling kan bare gjennomføres dersom det ikke finnes annen tilfredsstillende løsning ut fra prinsippet om geografisk differensiert forvaltning. Det skal særlig tas hensyn til

- a. områdets betydning som beitemark*
- b. skadenes omfang og utvikling*
- c. potensialet for fremtidige skader*
- d. muligheten for å gjennomføre forebyggende tiltak*

Felling skal være rettet mot bestemte individer. Vedtak om felling skal være begrenset til et bestemt område, tidsrom og antall dyr. Det kan knyttes nærmere vilkår til fellingstillatelsen, herunder at bestemte typer dyr skal være unntatt, at felling skal foretas av nærmere bestemte personer, metoder for felling og utbetaling av fellingsvederlag og/eller dekning av påløpte utgifter med unntak av lønn mv. i forbindelse med felling. Felling og forsøk på felling i henhold til denne bestemmelsen gjennomføres uavhengig av grunneiers jaktrett, jf. viltloven § 35.

Rovviltnemnda i region 6 har i vedtak av 26. mai 2020 i sak 18/20 fastsatt en kvote på 5 betinga skadefellingsløyve på jerv i region 6 (Trøndelag og Møre og Romsdal) frå 1. juni 2020 – 15. februar 2021. I vedtaket står det mellom anna følgjande om skadefelling av jerv:

Bestanden ligger over bestandsmålet per i dag (tre års gjennomsnittet er 14 ynglinger). Terskelen for å tillate felling av skadegjørende jerv bør være lav i prioriterte beiteområder og i kalvingsland for tamrein.



Fylkesmannen si vurdering

Etter naturmangfaldlova § 5 er det eit mål at artane og deira genetiske mangfald skal bli ivaretatt på lang sikt og at artane skal kunne forekomme i levedyktige bestandar i sine naturlege utbreiingsområde. Tiltak etter naturmangfaldlova skal likevel vegast opp mot andre viktige samfunnsinteresser, jf. § 14. Naturmangfaldlova § 5 og prinsippet om geografisk differensiert forvaltning er konkretisert gjennom §§ 3 og 4 i rovviltforskrifta og gjennom den regionale forvaltningsplanen for rovvilt i region 6.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8 til 12 leggast til grunn som retningslinjer ved offentleg myndigheitsutøving. Offentlege vedtak som kan påverke naturmangfaldet skal så langt det er rimeleg vere tufta på vitenskapleg kunnskap om artar sin bestandssituasjon samt effekt av påverknad, jf. § 8.

Det nasjonale bestandsmålet for jerv er i rovviltforskrifta § 3 fastsatt til 39 årlege ynglingar. Bestandsmålet er vidare fordelt på fem av åtte forvaltningsregionar for rovvilt, jf. rovviltforskrifta § 4. I rovviltregion 6 er det mål om 10 årlege ynglingar. Dei fylkesvise bestandsmåla går fram av forvaltningsplanen, og er i Møre og Romsdal på 3 tre årlege ynglingar i Sunndalsfjella og Reinheimen.

Gjennom statusrapportar frå Rovdata og informasjon frå det nasjonale overvåkingsprogrammet for rovvilt har vi god kunnskap om jervebestanden og den samla belastninga jervebestanden er utsett for, jf. naturmangfaldlova §§ 8 og 10. Føre var-prinsippet i § 9 vert difor tillagt lita vekt i denne saka.

Førebelse tal frå Rovdata viser at det hittil er 19 dokumenterte eller antatte ynglingar av jerv i region 6. Seks av desse er registrert i Møre og Romsdal. Tre av ynglingane er i område som i forvaltningsplanen er prioritert for beitebruk. Ut over nokre påkjørslar og predasjon, skjer avgangen av jerv hovudsakleg gjennom lisensfelling og skadefelling.

Fylkesmannen viser til forvaltningsplanen for rovviltregion 6, der det er mål om å ha jerv i den delen av fylket som denne saka gjeld. Målet for tal ynglingar innafor dette området i Møre og Romsdal er 3, og det er påvist 3 ynglingar i år.

Rovviltnemnda har satt ei kvote på 5 (fem) betinga skadefellingsløyve på jerv i region 6 for 2020/2021. Rovviltnemnda har for den kommande lisensfellingsperioden fastsett ei kvote på 2 (to) jervar for forvaltningsområdet for jerv i Møre og Romsdal. Ei eventuell felling av jerv som skadedyr før lisensjakta startar 10. september vil føre til tilsvarande fråtrekk i kvota for lisensfellingsperioden.

Erfaringane frå lisensfellingsperioden og frå forsøk på felling av skadegjerande jerv i beitesesongen viser at det er vesentleg større uttelling i forhold til tildelt kvote under lisensfellinga enn det som er tilfelle ved forsøk på felling av skadegjerande jerv i beitesesongen. Fylkesmannen legg difor til grunn at fellingsløyve på ein skadegjerande jerv i forvaltningsområdet for jerv i Møre og Romsdal ikkje vil verke inn på overlevinga til den sørvestlege jervebestanden i Norge.



Skadefelling er eit verkemiddel for å løyse ein akutt skadesituasjon i eit område. Løyve til skadefelling er difor knytt til bestemte skadesituasjonar, og vert avgrensa i tid og rom. Felling kan kun iverksetjast om det ikkje finst andre tilfredsstillande løysingar ut frå prinsippet om geografisk differensiert forvaltnings jf. rovviltforskrifta § 9. Fylkesmannen skal ved vurdering av iverksetting av fellingsløyve gjere ei særleg vurdering av den konkrete situasjonen opp mot følgjande fire kriterium; området si betydning som beitemark, omfang og utvikling av skadane, potensialet for framtidige skader, og mogelegheita for å gjennomføre førebyggjande tiltak. Ved iverksetting av fellingsløyve skal fellingsforsøket vere retta mot bestemte individ av rovviltarten.

Det er påvist at jerven i år har starta å valde skade på sau i eit område der det tradisjonelt har vore problem med jerveskade i fleire buskapar. Det er og registrert skade i tilgrensande beiteområde i nabo kommunen. Med bakgrunn i den dokumenterte jerveskaden, ventar vi at det vil bli oppstå ytterlegare tap til jerv i desse beiteområda dei komande vekene. Iverksetjing av tidleg nedsanking som skadeførebyggjande tiltak er mindre aktuelt som tiltak da vekstsesongen starta seint i år, og vil berre vere ei nødløysing dersom tapa blir ekstra store framover hausten og andre verkemiddel ikkje kan ventast å ha effekt. Fylkesmannen har fått ei vurdering av beitesituasjonen og mogelegheita for sinking av beitedyr frå landbrukskontoret i Fjord kommune. Deira vurdering er at det er godt beite i fjellet, men at det var sein vår og vekstsesongen er forsinka slik at andre slåttene framleis ikkje er avslutta nede i bygda. Det er difor ikkje ettervekst på innmark til beitedyr per no. Fylkesmannens landbruksavdeling har bekrefta situasjonen slik kommunen beskriv den.

Sjølv om det er vanskeleg å lukkast med felling av jerv på barmark, finn vi at den skadesituasjonen som har starta opp gjer at det er rett å prøve å felle jerv tett på der det er funne kadaver i år.

Fylkesmannen legg til grunn at fellingsforsøket vert gjennomført på ein effektiv og hensiktsmessig måte. Det vert sett av ytterlegare kr 40 000,- i økonomisk ramme for kompensasjon for jegerar som deltek i fellingsforsøket (§9).

Slik det går fram av kommentarane til § 9a i rovviltforskrifta har Klima- og miljødeartementet fastsett ein døgnats på kr 1600,- pr. deltakar etter rapport (timelister) frå fellingsleiar.

Vedtak

Ut frå vurderingane ovanfor og med heimel i naturmangfaldlova § 18 første ledd b) og § 77; jf. §§ 1, 3, 9 og 13 i rovviltforskrifta av 18.03. 2005, samt vedtak fatta av Rovviltnemnda for region 6 den 26. mai 2020 i sak 18/20, gir Fylkesmannen Fjord kommune utvida fellingsløyve på ein (1) skadegjerande jerv.

Fylkesmannen innvilgar kr 40 000,- til jegerløn (§9a) i tillegg til økonomisk ramme gitt i vårt vedtak i saka den 18.08.2020.



Dersom det vert aktuelt med skadefellingsløyve i tilgrensande område vil Fylkesmannen informere fellingsleiar om dette og pålegge fellingsleiarane å halde kvarandre oppdatert om skadesituasjon og observasjonar.

Følgjande vilkår er knytt til iverksetjing av fellingsløyvet:

1. Fellingsløyvet gjeld frå 26.08.2020 til 31.08.2020 kl. 12.00.
2. Fellingsløyvet gjeld innafor område definert i vedlagt kartutsnitt. Fellingsforsøket skal gjennomførast tett på der det er dokumentert at jerven har valda skade i år.
3. Jervetispe i følgje med ungar er unnateke frå fellingsløyvet.
4. Fellingsløyvet vert gitt til Fjord kommune.
5. Fellingsleiar og medlemmer i fellingslaget skal meldes inn til Fylkesmannen før fellingsforsøket kan iverksetjast.
6. Fellingsleiar er ansvarleg for at alle som tek del i fellingsforsøket er kjent med vilkåra i dette vedtaket.
7. Fellingsleiar og deltakarane i fellingslaget skal ha avlagt skyteprøve for bruk av rifle til storviltjakt i 2019 eller 2020. Dei skal òg vere registrerte som lisensjegerar, jf. Forskrift om utøving av jakt, felling og fangst, av 22. mars 2002, §§ 13 og 14.
8. Det skal berre nyttast våpen og ammunisjon som tilfredsstillar krava til jakt på jerv, jf. Forskrift av 22. mars 2002 om utøving av jakt, felling og fangst.
9. Felling eller forsøk på felling skal umiddelbart meldast til Fylkesmannen på mobilnummer 90 92 60 16 og til Statens naturoppsyn.
10. Dersom jerv vert skadeskoten pliktar dei ansvarlege å gjere det dei kan for å avlive dyret snarast mogeleg. Skyttar pliktar å forvise seg om påskote dyr er truffe eller ikkje. Ved skadeskyting skal skyttar utan opphald underrette Fylkesmannen og næraste politimynde (tlf: 02800). Fylkesmannen avgjer vidare gjennomføring og avslutting av ettersøk. Dei som har deltatt i fellingsforsøket skal bistå forvaltningsmynde eller politimynde i det vidare ettersøket.
11. Jerv felt i medhald av dette løyvet er viltfondet sin eigedom. Etter § 16 i Forskrift om forvaltning av rowilt, skal jeger vise fram felt dyr for SNO for kontroll og prøvetaking så snart som råd etter felling. Jeger skal kunne påvise fellingsstad dersom SNO, politi eller Fylkesmannen ber om det.
12. Felling og forsøk på felling etter dette løyvet kan gjennomførast uavhengig av grunneigar sin jaktrett, jf. viltloven § 35.

Klage

Dette vedtaket kan påklagast innan 3 veker etter at melding om vedtaket er motteke eller gjort tilgjengeleg i Miljøvedtaksregisteret; jf. forvaltningslova kap. IV, §§ 28 og 29. Ei eventuell klage bør grunngivast og skal stilast til Miljødirektoratet, Postboks 5672 Torgarden, 7485 Trondheim, men sendast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 Molde.


Alle vedtak som gjeld felling av freda rowilt blir gjort tilgjengeleg på www.miljovedtak.no. Ein kvar kan fortløpande følgje med på vedtak som gjeld felling av freda rowilt, ved å abonnere på vedtaka (epostvarslings).



Område for skadefelling



Område for skadefelling 26.08.2020-31.08.2020



2,0 0 1,02 2,0 Kilometers
ETRS_1989_UTM_Zone_32N
Kartutskrift fra www.GisLink.no

Kartgrunnlag: Norge Digitalt og Geovekst
Dette er et brukergenerert statisk kart fra www.GisLink.no og skal kun brukes som referanse. Vi kan ikke garantere at kartdata som vises på dette kartet er nøyaktige.

SKAL IKKE BRUKES TIL NAVIGASJON

Med helsing

Bjarne Otnes (e.f.)
Fagleiar - naturforvaltning

Andreas Sandnes Granli
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Fylkesmannen i Trøndelag
SNO v/Miljødirektoratet
MØRE OG ROMSDAL
POLITIDISTRIKT

Postboks 2600

Postboks 5672 Torgarden

Postboks 1353 Sentrum

7734

7485

6001

STEINKJER

TRONDHEIM

ÅLESUND